

Uskedelingar på leir i Sveio

06.02.2012

19 born frå Uskedalen pluss 2 frå Herøysund og 2 frå Tysnes har vore på Solgry Leirsted i Sveio, sist helg 3.-5.februar.

Ein spreke gjeng som held oss gamle leiarar i ande.

Takk foreldre, for de let borna dykkar få reise med oss på leir!
Og for at de hjalp med køyring til/frå Sunde.

Resten av reisa, gjekk denne gong over Stord med hurtigbåt og leigd buss, som køyrde oss til og frå Solgry.
Reisa sponsa Fredagsforum/Uskedalen Unge Røyster, medan leiren betaldedeltakarane sjølv.

Me har vore samla om Bibelforteljingar og song.
Du som dei kan synge frå Uskedal!!! Deriblandt songen til Bjørg Marit Notland; 'Mange barn på jorda vår, kjenner ikke Jesus!'
Ho var sjølv med som leiar på leiren og spelte piano til songen sin!

Leik og moro, hørde og med. Snøvasking til stor og skrekkblanda fryd.
Leirkveld, god mat og mykje lott og løye
har me og vore saman om å få oppleve.

Av Linda Tvedt